

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret		Til kl. 21.00

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Per Dale, Anne Karin Buene, Osvald Turlid, Olav Grønsberg, Bente Steine.

**Vara-
medlemar** Ingen

Andre Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

35/10, 36/10, 37/10, 38/10.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.12.10

Stad: Holo Gardstun

Sak 34/10. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 15.11.
- 2) Norges fjellstyresamband skipar til fagsamling for tilsette i fjelloppsynet i tida 17. – 19. januar 2011, på Hotel Runway på Gardermoen.
- 3) Det er skrive tapsmelding for ein Icom sikringsradio, mist under strukturteljning av rein i oktober 2010. Me vil prøva å få dekt noko av tapet gjennom forsikringa.
- 4) Styregodtgjersle for fjellstyremedlemene: I tillegg til den faste styregodtgjersla, vert det utbetalt godtgjersle for deltaking i andre møte, der ein representerer fjellstyret. I tillegg har medlemene krav på å få dekt køyring til møta. Eit skjema for rapportering vert utsendt til medlemene pr. e-post.

Sak 35/10. Fjellstyrebudsjettet for 2011

Saksutgreiing med budsjettframlegg låg føre.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret aukar "Hytter, bygningstiltak" med kr. 5000 til kr. 70.000, og "Mobiltelefon/sikringsradio" med kr. 3000 til kr. 4000. Dette gjer at utgiftssida samla aukar med kr. 8000 til kr. 1.717.100, og budsjettert årsunderskot vert kr. 70.800.

Samrøystes vedtak:

Det føreliggjande budsjettframlegget vert godkjent med følgjande endringar: "Hytter, bygningstiltak" vert auka med kr. 5000 til kr. 70.000, og "Mobiltelefon/sikringsradio" auka med kr. 3000 til kr. 4000. Dette gjer at utgiftssida samla aukar med kr. 8000 til kr. 1.717.100, og budsjettert årsunderskot vert kr. 70.800.

Aurland, den 16.12.10

Utskrift til:
Fjellstyremedlemene og varamedlemene,
Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.12.10

Stad: Holo Gardstun

Sak 37/10. Høyring: Revisjon av forskrift om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning

Høyringsbrev frå DN og saksutgreiing låg føre.

Følgjande høyringsuttale vart **samrøystes vedteken:**

§ 6, korttypar som skal vera tilgjengelege

For Aurland fjellstyre, og sikkert mange andre fjellstyre, tyder endring av korttypane at det må trykkjast opp nye kort, sjølv om ein framleis sit med eit stort opplag trykte kort som er tilpassa den forskrifta me har i dag.

Fjellstyret tykkjer likevel forslaget om å erstatta korttypen vekeskort med 5-dagarskort er greitt, og er samd med den grunngjevinga som vert gjeven i høyringsbrevet. Når det gjeld forslaget om å erstatta sesongkort med årskort, meiner fjellstyret at det ikkje er så godt. Hjø ein del jegerar er det innarbeidd at sesongkortet ein kjøper om hausten skal kunna nyttast ut jaktseasonen for småvilt, d.v.s. ut februar. At det berre skal kunna tilbydast korttidskort etter jul, gjev etter vårt syn eit dårlegare tilbod til jegerane. Eg ser likevel poenget til DN; at ein kan styra jakttrykket betre etter jul ved berre å tilby eit avgrensa tal korttidskort. For fjellstyre som vurderer å avslutta jaktseasonen for rype og hare til jul, er det berre eit spørsmål om å gje god nok informasjon om dette til dei som kjøper sesongkort, altså å opplysa om at jaktseasonen for rype og hare varer til jul. Slik unngår ein å skapa "falske forhåpningar," som det vert skrive i høyringsbrevet. Å tilby begge korttypane, både obligatorisk "årskort" og frivillig "sesongkort," vil truleg vera uaktuelt for dei fleste fjellstyra.

Ut frå dette, vil fjellstyret halda på korttypen "sesongkort" i staden for "årskort" som obligatorisk korttype. Vidare støttar fjellstyret forslaget om å erstatta vekeskort med 5-dagarskort.

Familiekort for fiske

DN føreslær å ta vekk dette som obligatorisk ordning.

Aurland fjellstyre har hatt dispensasjon frå ordninga sidan ho vart innført, sidan statsallmenningen her er med i ei felles fiskekortordning som omfattar fleire private soner. Me ser at DN viser til at det er praktiske grunnar til at dei vil gjera dette om til ei frivillig ordning for fjellstyre som ynskjer det. Fjellstyret meiner dette bør vera greitt.

Aurland, den 16.12.10

Utskrift til:
Fjellstyremedlemene og varamedlemene,
Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.12.10

Stad: Holo Gardstun

(sak 37/10, framhald)

Kap. III, Sal av storviltjakt (elg og hjort)

Det vert føreslege eit tilleggspunkt i § 8 som opnar for å selja jaktkort på elg og hjort til einskildjegerar, liknande det opplegget som er vanleg for villrein. Det er snakk om ein fast pris på jaktkort, med tillegg pr. kg. kjøt ved felt vilt.

Fjellstyret meiner det er positivt at DN ynskjer å opna for andre ordningar enn det som har vore standard tidlegare. Dette gjer at fjellstyra lettare finn fram til lokale ordningar som passar.

Prioritering av hjorteviltjegerar

DN føreslær å ta vekk bestemmelsen om at jeger med jakt på statsallmenning ikkje kan jakta på eigen grunn, privat grunn, kommunal grunn eller annan statleg grunn før tildelt kvote på statsallmenningen er felt.

Slik ordlyden i denne bestemmelsen etter kvart har vorte formulert, har det i praksis vore ein bestemmelse som har vore uråd å kontrollera for fjellstyret. Særleg gjeld dette når det er snakk om utanbygds jaktlag. Fjellstyret er difor heilt samd i at heile avsnittet vert fjerna frå forskrifta.

Utlysing av elg- og hjortejakta

Teksten inneber at utlysing på internett, t.d. gjennom Inatur eller fjellstyret si heimeside, er tilstrekkeleg.

Fjellstyret ser ikkje at det er noko endring her i høve til gjeldande forskrift. Den føreslegne teksten må vera grei.

Jaktlag under villreinjakt

Nytt i forslaget frå DN er at det skal kunna tillatast jaktlag på inntil 3 personar når minst ein av desse er tildelt fellingsløyve. Det første punktet i gjeldande forskrift står framleis i forslaget til ny forskrift; at fjellstyret skal kunna tillata at jegerar som har fått tildelt fellingsløyve for villrein organiserer seg i jaktlag på inntil 5 personar.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.12.10

Stad: Holo Gardstun

(sak 37/10, framhald)

Det kan ved første augekast synast som om det er ein redigeringsfeil i forslaget som gjer at det i første lekken står at det kan godkjennast jaktlag på inntil 5 jegerar som alle har fått tildelt fellingsløyve for villrein, og i andre lekken at det kan godkjennast jaktlag på inntil 3 jegerar når minst ein av dei har fått tildelt fellingsløyve. Fjellstyret har sjekka saka nærare med sakshandsamaren i DN og fått vita at det er meininga at begge alternativa skal stå. Det nye alternativet – inntil 3 på laget der minst ein av dei er tildelt fellingsløyve – opnar for at andre enn dei som er tildelt fellingsløyve under trekninga kan få vera med på jakt. DN argumenterer med at dette kan vera eit tiltak som betrar rekrutteringa til jakta. Ulempa kan sjølvst sagt vera at i ein i år med store fellingskvotar kan få mykje jegerar i fjellet, både med og utan eigne fellingsløyve. Det er presisert at den jegeren fellingsløyvet lyder på skal bera kortet under jakta.

Fjellstyret har ved tidlegare høve etterlyst moglegheita for å kombinera statsallmenning- og privatkort på jaktlaga. Dette forslaget opnar for at det kan gjerast. Det er opp til fjellstyra om ein vil godkjenna jaktlag på statsallmenningen eller ikkje. Om ein ynskjer å halda ope for dette, kan det vera gunstig å ha ulike modellar å velja mellom. *Ut frå dette stiller fjellstyret seg positivt til endringsforslaget frå DN.*

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.12.10

Stad: Holo Gardstun

Sak 38/10. Ekstra merksemd i samband med at dagleg leiar i Aurland fjellstyre og sekretær for Villreinutvalet for Nordfjella – Harald Skjerdal, har fylt 50 år

Harald har gjennom mange år utført jobben som dagleg leiar og sekretær for Aurland fjellstyre, samt sekretær for Villreinutvalet for Nordfjella på ein særst god og ryddig måte.

Aurland fjellstyre og Villreinutvalet for Nordfjella ynskjer ved dette høvet å visa han ekstra merksemd.

Vedtak:

Harald Skjerdal får i høve 50-årsdagen sesongkort for laksefiske i Gaula for fiskesesongen 2011.

Dekka opphald i utleiehytte for 4 netter, -valfritt tidspunkt.

Villreinutvalet for Nordfjella dekkar beløp kr. 2 000,-

Aurland fjellstyre dekkar beløp inntil kr. 2.500,-

Det vert overlete til Harald Skjerdal å avtala høveleg tidspunkt med Trond Are Berge, som er sekretær for Singsås fjellstyre.